

Årsmøte 2018



Dato 08.05.2018

Saksdokument årsmøte 2018

Side 1 av 10

Stad: Klubbhus Moster IL,

Registrering av stemmer frå kl. 1700-1750. Oppmøte etter kl.1750 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.

SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 13.NOVEMBER 2017	2
SAK 3.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOKA OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR	2
SAK 4.	GODKJENNA ÅRSMELDING FOR 2017	2
SAK 5.	GODKJENNA RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2017	2
SAK 6.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT	3
SAK 7.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	6
SAK 8.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR	6
SAK 9.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR	6
SAK 10.	VELJA REVISOR	10
SAK 11.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET	10

Årsmøte 2018

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2. Godkjenning av møteboka frå ekstraordinært årsmøte 13.november 2017

Tilråding til vedtak:

Møteboka for ekstraordinært årsmøte 13. november 2017 vert godkjend.

Sak 3. Val av to personar til å skriva under møteboka og val av to valobservatørar

Sak 4. Godkjenna årsmelding for 2017

Tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2017 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag.

Sak 5. Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2017

Tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6. Gjera vedtak om disponering av overskot

Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

Overskot for 2017 er kr. 576 236 772 ,-

Resultatdisponering:

Føreslått utdelt allmennytige gåver	1 462 000
Overføring til annan eigenkapital	569 774 772
Avsetning til kjøpsutbytte medlemmer *	5 000 000
Sum disponeringar	576 236 772

Styret foreslår at fylgjande allmennytige gåver vert gitt:

Resultatdisponering

Gåvefond disponert av styret	1 000 000
Flimmerfilm – dokumentarfilm om H. Haldorsen	324 000
Moster Grendautval – universelt utforma sti	30 000
Bømlo Kulturhus – lyd del 2 storesal	108 000
Sum gåver	1 462 000

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søker ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram

* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra etterbetalinga (kjøpsutbytte) til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2017. Administrasjonen skal sørge for at etterbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmennyttige gåver :

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmennyttig selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I vedtektenes § 2 står det at Kraftlaget kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar liggje på ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda. Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr. 400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 1.000.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

Søknadar 2018

1. Søknad om gavé til produksjon av ein dokumentarfil om Haldor Haldorsen og hans virke på Bømlo, Vestlandet og Norge

Finnås Kraftlag har motteke ein søknad frå Flimmerfilm om prosjektmidlar til produksjon av dokumentarfilm om Haldor Haldorsen. Ide og manus er utvikla av Brynjar Stautland, som også skal vera regissør. Historia dokumenterer både Rubbmotoren og utbygginga av elektrisiteten.
Budsjett for prosjektet: kr. 4.618.150.

Styret ser positivt på søknaden om gavé frå Flimmer Film AS til produksjon av dokumentarfilm om Haldor Haldorsen, og vil tilrå at årsmøte støttar prosjektet med kr.324.000.

2. Søknad om gavé til forprosjekt for universelt utforma sti på Moster

Moster grenadautval søker om midlar til eit forprosjekt for utarbeiding av prosjektskisse mm til ein universelt utforma sti på Moster. Den universelt utforma lysløypa vil gå i Grindheimsmarkjå.
Forprosjektet har eit budsjett på kr 50.000

Styret ser positivt på søknad om gavé til Moster Grandautval til forprosjekt sti og vil tilrå at årsmøte støttar prosjektet med kr. 30.000.

3. Søknad om gavé til utbetring av lyd og akustikk i Bømlo Kulturhus – del 2 Storesalen

Bømlo Kulturhus held fram med opprusting av lyd til storesalen, og søker om støtte til dette. Budsjett for tiltak er kr. 1.530.000.

Styret ser positivt på søknad om gavé til Bømlo kulturhus til PA-anlegg i Storesalen og vil tilrå at årsmøte støttar prosjektet med kr. 108.000.

Sak 7. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2017 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er kr. 512.772,-

Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2017.

Sak 8. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2017 går det fram at det er betalt kr. 165 000,- for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 199 095,- for tilleggstenester av reknskapsmessig eller juridisk art.

Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godteken i samsvar med rekneskap for 2017.

Sak 9. Velja styre og styreleiar

Styremedlemmer på val:

- Martin Laurhammer
- Eli Furnes
- Signe Lund Jansen

Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

Varamedlemmer på val:

- Vermund Hjelland
- Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
- Reinert Røksund

Årsmøte 2018



Dato 08.05.2018

Saksdokument årsmøte 2018

Side 7 av 10

Innstilling frå Valnemnda:

Til årsmøte 8. mai 2018

Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag - med grunngjeving.

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken av årsmøte 4. mai 2011.

Valnemnda har vore samansett slik:

Hilde Markhus
Selma Karin Vestvik
Job Nedrebø
Vidar Nygård
Sigbjørn Næsse (Leiar)

I instruksen heter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar , styremedlemmer og varamedlemer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruksen heter det videre at det ved *val av medlemmer til styret skal det leggast vekt på:*

- At styret får den kompetansen som er nødvendig.
- At medlemmane har gode samarbeidsevner.
- At sammensetningen av utdanningsbakgrunn og erfaring skal gjøre styret til en ressurs for kraftlaget gjennom sitt arbeid.
- At medlemmer av styret bør ha ulik kompetanse og være villig til å tilegne seg kompetanse som styret har bruk for
- At medlemmer av styret bør ha egenskaper og/eller erfaringer som vil styrke styrets totalkompetanse

Valnemnda er i år øg av den oppfatning at sittende styret oppfyller alle disse vilkårene. Me har et godt styre med engasjerte medlemmer med allsidig kompetanse og røynsle. Å være medlem av kraftlaget sitt styret er krevande, men øg interessant og difor har vi som medlemmar nytt godt av god kontinuitet med svært flinke folk i mange år. Dette ynskjer valnemnda og i framtida.

I forkant av arbeid vårt har vi som tidligare år henta inn tilbakemelding fra sitjande styremedlemmer om de er open for å ta ein ny periode. Valnemnda gjer

likevel ei sjølvstendig vurdering og vurderer både gjenvalg av sitjande styremedlemmar og nye kandidatar ut i frå instruksen vår.

Når valnemnda foreslår endring i styresammensetningen er det ut i frå vurderingar om god kontinuitet, men òg samstundes behovet for fornying og ytterligare styrking av kompetansen i styret. Dette for at styret òg i det vidare skal være en ressurs i dei utfordringar kraftlaget står ovanfor innan organisering og ny teknologi. Det er òg naturleg at Årsmøte gjer val slik at en ikkje risikerar å koma i ein situasjon der det vert store utskiftningar i styret samstundes.

Martin Laurhammar har medelt valnemnda at han stiller sin plass til disposisjon og tek ikkje gjenvalg.

Valnemnda si innstilling er som fylgjer :

Styreleiar (1 år)

Torleiv Fylkesnes innstilles som Styreleiar 1 år. Har er og har vært styremedlem siden 2000 og styreleiar siden 2007. Han har allsidig ledererfaring fra privat virksomhet.

Styremedlemmer (2 år) :

Signe Lund Jansen (gjenvalg)– Fra Bømlo - Har ledererfaring fra privat virksomhet har vært styremedlem siden 2000. Har økonomi, strategi og ledelse som fagområder. Har politiske verv i Formannskap og kommunestyret i Bømlo. Har Eidesvik Invest som arbeidsgiver. Har vært styremedlem siden 2010.

Eli Furnes (gjenvalg) Har ledererfaring fra privat næringsliv. Økonomi og administrasjon som fagområder. Har Simens Subsea som arbeidsgiver. Har vært styremedlem siden 2011.

Vermund Hjelland (ny) Er direktør for teknologi og utvikling i Eidesvik Offshore ASA og har også erfaring fra flere styreverv i den maritime klyngen. Hjelland har lang prosjektledererfaring. Utdanning er Mariningeniør.

Hjelland har vært valgt vara siden 2017.

Varamedlemer velges for 1 år om gangen :

1. vara:

Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm (gjenvalg)

Folgerø-Holm har lang ledererfaring fra kommunal virksomhet i forskjellige stillinger. Utdanning er Økonomi og administrasjon fra

Årsmøte 2018

Universitet i Stavanger, Mastergrads utdanning innen helse og omsorg fra Høgskolen i Bergen og Volda samt lederutdanning fra Høgskolen i Hedmark og Helseledelse fra Handelshøyskolen BI

Folgerø-Holm har vært valgt vara siden 2015

2. vara:

Reinert Røksund (gjenvalg)

Røksund har erfaring fra olje og gass næringen samt maritim næring. Har bred erfaring fra mange selskaper både, operatør selskap, konsulentvirksomhet og leverandørindustrien. Røksund har lang erfaring med teknisk og operasjonell ledelse.

Utdanning:

Ingeniørutdanning; Maskiningeniør innen Rør og prosess teknologi Høgskolen I Bergen;
Maskinoffiserutdanning Høgskolen Stord Haugesund;
Fagbrev; Industrirørlegger Aker Stord


Røksund har vært valgt vara siden 2017.

3. vara:

Stina Raknes (ny)

Stina Raknes er dagleg leiar i Reklamebyrået Synleg. Stina jobba tidlegare som lærar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne og er utdanna innan pedagogikk, språk og administrative fag. Ho spesialiserer seg i marknadsføringsleiring, identitet og merkevare-bygging på masternivå i BI Oslo.

Urangsvåg 10/04-2018



Sigbjørn Næsse
Leiar valnemnda

Årsmøte 2018



Dato 08.05.2018

Saksdokument årsmøte 2018

Side 10 av 10

Sak 10. Velja revisor

Finnås Kraftlag har brukt Deloitte som revisor.

Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til framleis å vera revisor.

Sak 11. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg. vedtekten § 8.2, styret sine gjøremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Utdrag frå § 9, valnemnd:

Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemer.

Medlemene i valnemnda vert vald for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Ved første val etter at dei reviderte vedtekten er endeleg vedteke vert to av medlemene vald for eitt år. Årsmøtet vel leiar. Kraftlaget skal ha ei valnemnd med fem medlemmer.

Fylgjande personar har vore medlem av valnemnda i 2017/18:

Valnemnda	Status	Innstilling frå styret
Hilde Markhus	På val	Attval
Selma Karin Lønning	På val	Attval
Job Nedrebø	På val	Attval
Vidar Nygård	Ikkje på val	
Sigbjørn Næsse	Ikkje på val	
Leiar:		
Sigbjørn Næsse	På val som leiar	Attval